



Referat frå møte i Samarbeidsutvalet/skulemiljøutvalet.

De vert med dette kalla inn til møte i samarbeidsutvalet/skulemiljøutvalet ved Hafslo barne- og ungdomsskule **torsdag 2. juni kl 19.30-21.00 – møterom i 2. etasje i Fellesbygget.**

Tilstades:

Jon Ove Lomheim(politisk vald), Nina Hauge Sørensen(FAU), Lisbeth Skjerven(FAU), Carolin Ruud(vara for W Sollid), Runar Hatlevoll(lærartilsett, vara for K Henden), Kjerstin Bremer (lærartilsett), Kjell Ertesvåg(rektor).

Sak 15-2015/16: Bygg & uteområde ved skulen

- Gjennomgang av teikningar for uteområde. Teikningane var sendt ut på førehand. Ingen tillegg utover dei innspela som er komne(sjå vedlegg). Merknad vedr sykkelstativ på inngang ved Fellesbygget. Der nyttar ein eksisterande sykkelstativ ved skulen. Til denne saka var leiarane for Hafslo IL, Hafslo bygdalag og 4H kalla inn. Olav Terje Hove frå Hafslo bygdalag møtte.
- Status på bygg, framdriftsplan. Bygget er i rute og vert overlevert fyrste veka i juli. Møblering og flytting er så vidt i gang, og vil pågå fram til skulestart. Arbeid med utomhusområdet startar etter ferien, og skal etter planen vere ferdig på hausten. Om ein lukkast med det er vèravhengig mm.
- Erfaringar med skuleutbygginga. Krevjande prosess for alle involverte. Tilsette, elevar og foreldre har vore tolmodige og synt ei positiv og fleksibel haldning. Det å drive skule etter lover og forskrifter, samstundes som området har vore ein byggeplass har gitt utfordringar, men me opplever at me har komme godt i frå det. Stor hjelp å ha fått disponert «Luster vidaregåande». I samband med bygginga ser me og at det er ein del arbeid som burde vore gjort ved skulen, men som ikkje er inne i byggeprosjektet. Det er lydisolering av rom/kontor på fellesbygg, målearbeid på fellesbygg, oppgradering av heisar mm. Dette er arbeid som vil vere viktig å få utført i løpet av kort tid. Det er og naudsynt med innkjøp av diverse materiell og utstyr til den «nye» skulen.
- SU hadde synfaring inne på bygget. Rektor orienterte undervegs i synfaringa.

Referat frå sak 15-2015/16 vert gjort kjent for Luster kommune sin prosjektleiar for «Byggeprosjektet», Johannes Øygarden



Hafslo barne og ungdomsskule

Sak 16 -2015/16: Skuleåret 2016/17

Oppseiingar: Eirik Menes, Laila Heggstad og Kjell Ertesvåg

Pga mindre assistentressursar ved HBU vert Judith Natvik flytta over til Gaupne bhg.

Tilsetjingar:

Elin Hilleren og Lene T Berge(begge 100%) - faste stillingar

Anette Skarsbø(100%) og Runar Hatlevoll(50%) – vikariat for skuleåret 2016/17

Ane Hestad(70%), miljøterapeut. Engasjement for skuleåret 2016/17

Etter møtet er det gjort to nye tilsetjingar i vikariat for 2016/17:

Solveig Bang(80%)

Katrin Henden Nondal(80%)

Sak 17-2015/16: Ymse.

- Samarbeid mellom skule og "skuleeigar"/Luster kommune. Skuleeigar er godt oppdatert på skulen.
- Erfaringar med vedteke reglement vedr mobilbruk mm
Positiv erfaring og ok prosess. Noko å jobbe vidare med for neste skuleår. Kommunikasjon, informasjon og medverknad kan bli betre.
Ei mobilfri veke i mnd?
To mobilfrie veker i mnd?
Totalforbod?
- Foreldreundersøking pågår no. Brukbar deltaking, 58 foreldre har pr 03.06.16 levert svar. Med tanke på at mange har fleire born, så vil nok dette gi eit godt bilde.

Hafslo, 06.06.16



Kjell Ertesvåg

-referent-

